



Helgesen Tekniske-bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/422 - 15/22300

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

16.06.2015

Løyve til tiltak med ansvarsrett - riving av tilbygg - gbnr 108/88

Administrativt vedtak. Saknr: 253/15

Tiltakshavar: Goman Rognaldsen AS

Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske-Bygg AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til riving av tilbygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 156 m. Det vert elles vist til søknad datert 24.04.15, motteke 28.04.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.04.15 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato. Vi seier oss leie for lang handsaming.

Planstatus

Eigedomen gbnr. 108/88 er i gjendande kommuneplan (Fig 1.) sett av til næring. I framlegg til ny kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, er næringsområdet utvida til også å omfatte delar av gbnr. 108/556, 72 og gbnr. 109/41.

Gjeldande kommuneplan og framlegg til ny kdp har ikkje bestemmelser som regulerer grad av utnytting, høgde og volum på byggingar i område avsett til næring.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Brakker (tilbygg) som det no vert søkt om å rive er plassert, innanfor byggingskroppen til nytt tilbygg handsama i delegert vedtak 252/15. Avstand til offentleg veg er opplyst å vere større enn 15 meter.

Terrenghandsaming, tilkomst, avkjørsle og parkering

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Arealet er allereie opparbeidd i samsvar med sak 2008/2137, vedtak datert 24.10.08. Avkjørsle til offentlig veg skal utbetrast i samsvar med Statens vegvesen sitt skriv datert 06.01.15

Situasjonsplanen datert 12.05.15, viser oppstillingsplass for 39 bilar, samt manøvreringsareal til og frå eksisterande og framtidige portar for henting/levering.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

VURDERING

Riving av tilbygget vert godkjent slik som omsøkt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) vert det gjeve eittrinnsløyve til riving av brakker (tilbygg) på eigedom gbnr. 108/88, bygningsmassen som rivast har bruksareal (BRA) gjeve til 156 m².

1. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
2. Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Ved søknad om ferdigattest for rivingsarbeidet skal det leggst fram sluttrapport som syner faktisk disponering av avfall jf. TEK10 § 9-9, samt kvittering for levert avfall jf. TEK 10 § 9-8.
3. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL.	ANSVAROMRÅDE
SØK	Helgesen Tekniske-bygg AS	965012044	S	1	Hele tiltaket - Riving
PRO	Grindheim Maskin &Transport AS	979302002	L	1	Prosjektering av miljøsanering
UTF	Grindheim Maskin &Transport AS	979302002	S	1	Riving og miljøsanering

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/422

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.4	Basisgebyr fellesbygg – riving	1	Kr. 5.800,-
10.3.3	Godkjenning av ansvarsrett med sentralgodkjenning	1	Kr. 1.000,-
10.3.3	Godkjenning av ansvarsrett uten sentralgodkjenning	1	Kr. 2.500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 9.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Kopi til:

Gorman Rognaldsen AS

Veråsvegen 234 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Helgesen Tekniske-bygg AS

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN